



Astrid Margot Veland
Grønnestølstunet 65
5073 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/4841 - 23/47810

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
10.07.2023

Vi har registrert eit ulovleg forhold på eigedommen din – varsel om pålegg og tvangsmulkt - gbnr 350/27 og gbnr 350/5 Øpso

Alver kommune har mottake ei bekymringsmelding angående mykje skrot på eigedommen din og ein usikra terrasse på dine eigedomar med gbnr 350/27 Øpso og 350/5 Øpso.

Du får no eit førehandsvarsel

Dette er et førehandsvarsel om at vi vurderer å pålegge deg å rette opp det ulovlege tilfellet. Det betyr at du innan **01.09.2023** kan komme med fleire opplysningar. Om opplysningane ikkje endrar vårt syn på saka, vil du få eit nytt brev med eit pålegg kor vi setter ein frist for når du må ha retta forholdet. I pålegget kan vi og sette ein tvangsmulkt. Ein tvangsmulkt er eit pengebeløp som forfell om ein ikkje heldt fristen i pålegget. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Kommunen var på synfaring måndag 12.06.23. Nedanfor finn du ei oppsummering av våre observasjonar på dei to eigedommane dine.

GBNR 350/27

- Det ligg ein del avfall på nedsida av gbnr 350/27. Det vart også observert grispresse, oljekanner og elektrisk utstyr.
- Terrassen på hytta med rekkverk er i så dårleg stand at vi vurderer at det utgjer ein fare å opphalde seg på denne.
- Under hytta ser det ut til å være installert eit avløp ved å nytte ein gammal varmtvannstank. Det er lagd ein gjennomføring frå eit rom i hytta og ned til denne. Det er også installert eit lufferør ut frå denne. For å installere eit avløpsanlegg må det søkast om utsleppsløyve og byggeløyve til kommunen. Den løysinga som du har installert vil ikkje være noko kommunen kan godkjenne.
- Trappene opp til hytta vurderer vi også til å være i så dårleg stand at denne må rivast for å sikre at ingen nyttar denne.



Bilete frå hytte på gbnr 350/27



Trapp opp til hytte på gbnr 350/27

GBNR 350/5

- Farleg avfall liggande utafor huset. Blant anna:
 - Blybatteri
 - Oljekanner
 - Sprayboks
- Elektrisk avfall som blant anna fryseboks og vaskemaskin som er lagra ute på eighedommen din.
- Sekkar med restavfall
- Ein uregistrert ATV





Kommunen reknar tilhøva som brot på både forureiningslova og plan- og bygningslova.

Frist for retting

Du må rette det ulovlege tilfellet innan **31.10.2023**.

Det kan bli fatta følgjande vedtak om tvangsmulkt

Eingongsmulkt på kr. **10.000,-** blir ilagt den **01.11.2023** dersom ikkje det ulovlege tilfellet er retta.

Løpande dagmulkt på kr. **200,-** frå og med **01.11.2023** dersom ikkje det ulovlege tilfellet er retta.

Storleiken på mulkt er satt ut i frå ein foreløpig vurdering, og kan endrast i pålegget.

Korleis kan du rette opp i det ulovlege tilfellet og unngå tvangsmulkt?

Retter du opp dei ulovlege tilfella, unngår du pålegg og tvangsmulkt. Dei ulike tilfelle omfattar brot på forureiningslova og plan- og bygningslova.

Retting av dei ulovlege tilfella etter forureiningslova kan skje på følgjande måte:

1. Farleg avfall må lagrast slik at det ikkje medfører ein risiko for forureining, skjerma for regn og vind. Det som skal kastast må leverast til godkjent mottak.
2. Elektrisk avfall må leverast til godkjent mottak.
3. Alt anna avfall må leverast til godkjent mottak.
4. Du må fjerne avløpstanken under hytta.

Retting av dei ulovlege tilfella etter plan- og bygningslova kan skje på følgjande måte:

1. Du må sørge for at terrassen er sikra med eit forsvarleg rekkverk.
2. Du må rive trapp/gangveg opp til hytte på gbnr 350/27.
3. Du må fjerne avløpstanken under hytta.

Vi skal underrettast skriftleg med bilete av utført retting når arbeidet er gjort.

Du har rett til å gje uttale

Send oss ei utgreiing dersom du har opplysningar om saka vi ikkje er kjend med. Legg gjerne med dokumentasjon som kan underbygge forklaringa. **Frist for uttale er 01.09.2023.**

Etter fristen for uttale vil vi vurdere å fatte vedtak om pålegg om retting. Fristen i pålegget vil vere den same som i dette varselet.

Kva skjer om du ikkje rettar det ulovlege tilfellet?

Dersom vi ikkje mottar nye opplysningar som gjer grunnlag for å avslutte saka heilt eller delvis, vil det bli fatta vedtak i saka om 3 veker.

Det vil bli gitt same frist for retting i pålegget. Dersom det ulovlege tilfellet ikkje rettast innan fristen som er satt, vil du bli ilagt tvangsmulkt.

Kommunens oppgåve og mynde

I forureiningslova § 48 er ei av kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 37 1. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall i strid med § 28.

Det følgjer av forureiningslova § 7, 1 ledd at: *«Ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning».*

I forureiningslova § 7 2. ledd står det: *«Når det er fare for forurensning i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensning sørge for tiltak for å hindre at den inntre. Har forurensningen inntrådt skal han sørge for tiltak for å stanse, fjerne eller begrense virkningen av den.»*

Det er etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjemmande eller være til fare eller ulempe for miljøet». Føreseгна gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føreseгна i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Eigaren av ein eigedom pliktar å halde byggverk og installasjonar i forsvarleg stand slik at det ikkje oppstår fare for personar, eigedom eller miljø, jf. Plan- og bygningslova § 31-1.

Aktuelt regelverk

- Din plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Din plikt til å innføre tiltak for å hindre eller rydde opp i forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Krav til forureinaren om å rydde opp følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37, 1.ledd.
- Kommunen er forureiningsmynde etter forureiningslova § 81 første ledd bokstav c.
- Kommunen har plikt til å følgje opp meldingar om fare for forureining etter forureiningslova § 7 og forsøpling etter § 28
- Eigars plikt til å halde byggverk i forsvarleg stand følgjer av plan- og bygningslova § 31-1.
- Plikt til å søke om utsleppsløyve for avløp følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Astrid Margot Veland
Jarle Bernt Veland

Grønnestølstunet 65
Søre Nyhaugåsen 25

5073 Bergen
5230 Paradis